



INDRE HORDALAND JORDSKIFTERETT

Dok 517

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900,
5020 Bergen

Hordaland fylkeskommune

14 SEPT 2018

Vår referanse

16-199497RFA-JVOS

Dato

11.09.2018

Oversending av rettsbok

- sak 16-199497RFA-JVOS FLATEKVAAL gnr 61 m.fl.

Vedlagt følger rettsboka fra rettsmøte den 20. og 21. august 2018, samt påstandskart fra møtet.

Med helsing
Indre Hordaland jordskifterett

Kari Nestaas
saksbehandlar

Vedlegg
- kopi av rettsbok
- påstandskart datert 21.08.2018

Postadresse

Skulegata 11 A, 5700 Voss

Besøksadresse

Skulegata 11 A, Voss

E-post/Internet

indre.hordaland.jordskifterett@domstol.no
<http://www.domstol.no/jvos>

Organisasjonsnummer

974742683

Telefon

56529190



INDRE HORDALAND JORDSKIFTERETT

RETTSBOK

Møtedag: 20.08.2018

Stad: Voss tinghus, møterom Traa/Bystøl

Sak: 16-199497RFA-JVOS FLATEKVAAL gnr 61 m.fl.

Saka gjeld: Grensefastsetting for grunneiendom (jordskiftelova § 4-2)

Rettsleiar: Jordskiftedommar Svein Linga

Meddommarar: Eva Kristin Dahl
Lars Helge Ljone

Ingeniør: Teknisk utgreiar Oddbjørn Helland

Protokollførar: Saksbehandlar Kari Nestaas

Saka er krevd av: Lars Aslak Flatekvål

Til behandling: Hovudforhandling i tvist om grenser

Partar	Kommune	Gnr.	Bnr.
Jan Petter Myhre	Voss (1235)	58	1
Hordaland fylkeskommune	Voss (1235)	60	1
Laila Flisram Jarle Norekvål	Voss (1235)	60	2
Sigbjørn Dugstad	Voss (1235)	60	3
Lars Aslak Flatekvål	Voss (1235)	61	1
Per Christer Sivlesøy Norekvål	Voss (1235)	61	20
Nils Een	Voss (1235)	61	21
Steinar Een	Voss (1235)	62	1
Johannes Een	Voss (1235)	62	2
Svein Ekrem	Voss (1235)	62	3
Arvid Een	Voss (1235)	62	6
Randi Norekvål	Voss (1235)	63	1
Jon Taskjelle Norekvål	Voss (1235)	63	3
Nils Eirik Saue Gregersen	Voss (1235)	64	1

Kåre Hylland	Voss (1235)	64	4
Geir Helge Kristoffersen	Voss (1235)	64	5
Ivar Løne	Voss (1235)	64	13
Geir Løne	Voss (1235)	65	1
Nils Gjeraker	Voss (1235)	66	1
Ivar Løne	Voss (1235)	66	3,4,9,14
Ivar Løne	Voss (1235)	67	1,3
Marta Løne Seim	Voss (1235)	67	2,4,10,11

Til stades

Sigbjørn Dugstad, Steinar Een, Johannes Een, Arvid Een, Svein Ekrem, Trond Håvard Bjørnstad, Nils Eirik Saue Gregersen, Kåre Hylland, Geir Løne, Jan Petter Myhre, Jon Taskjelle Norekvål, Rune Gjeraker, Oddmund Norekvål, Marta Løne Seim, Lars Aslak Flatekvål, Torleiv Norekvål og Geir Helge Kristoffersen

Fullmakter:

Trond Håvard Bjørnstad med fullmakt for Hordaland fylkeskommune, Jarle Norekvål og Laila Flisram

Rune Gjeraker med fullmakt frå Nils Gjeraker

Oddmund Norekvål med fullmakt frå Per Christer Sivlesøy Norekvål

Torleiv Norekvål med fullmakt frå Randi Norekvål

Rettsleiaren orienterte om habilitetsreglane i domstollova §§ 106-108. Ingen hadde merknader.

Lars Helge Ljone og Eva Kristin Dahl har vore jordskiftemeddommarar tidlegare.

Rettsleiaren gjekk gjennom planen for møtet, og orienterte om saka fram til hovudforhandlinga.

Partane vart gjort kjende med ansvaret ved å forklare seg for retten.

Saksframstilling

Lars Aslak Flatekvål

Fødselsdato: 11.12.1962

Bustad: Flatekvålsvegen 98

Stilling: Ufør

Eigar av: gnr.61 bnr. 1

gav forsikring, framstilte saka, forklarte seg og dokumenterte fylgjande: viser til sine innleverte dokument. Påpeikar bruken av området og beskrivinga av grensa i utskiftingsprotokollen for garden Flatekvål.

Han la ned slik påstand: Gnr. 61 bnr. 1 er einetigar av området avmerka på kart. Frå tidlegare rettsfastsett punkt ved Vådalseggi går grensa langs Langestølsvegen og opp i det høye fjell. Frå Skulestadberget går grensa i rett linje mot Lønahorgi og til øvre del av spennmastene like ved.

Arvid Een, for gardane 62/1, 62/2, 62/3 og 62/6

Fødselsdato: 06.04.1961
Bustad: Ænsmoen 64
Stilling: Fagleiar teknisk fagskule
Eigar av: Gnr. 62 bnr. 6

gav forsikring, supplerte saksframstillinga og dokumenterte fylgjande: utskiftingsforretning for garden Flatekvål og Æn. Fagbok om eigendomsrett frå 2017. Kart med påteikningar av påstandslinjer og himmelretningar. Funn av glopper. Matrikkelutskrift frå 1838 om skuld på gardane.

Han la ned slik påstand på vegne av gnr. 62 bnr. 1, 2, 3 og 6: Garden Æen har sameige mellom bruka frå Skulestadberget, via ein bekk med ei påvist I-gloppe og opp til vasskiljet ovafor Langahorgi.

Trond Håvard Bjørnstad, på vegne av garden Gjerskvål, gnr. 60/1, 60/2 og 60/3.

Fødselsdato: 30.01.1953
Stilling: Avdelingsleder Voss vidaregåande skule
Eigar av: Gnr. 60 bnr. 1

gav forsikring, supplerte saksframstillinga og dokumenterte fylgjande: Har funne to glopper i området. Begge samsvarer med dei påstandane dei har hatt tidlegare.

Han la ned slik påstand: Eigendomsgrensa til garden Gjerskvål sitt sameige går frå rettsfastsett punkt ved Vådalseggi, langs Langestølsvegen eit lite stykke, deretter i ei I-gloppe som viser opp i det høge fjell som innteikna på påstandskartet.

Torleiv Norekvål

Fødselsdato: 25.07.1953
Bustad: Skulestadmo
Eigar av: Gnr. 63 bnr. 1 (tidlegare eigar)

gav forsikring og supplerte saksframstillinga. Viste til innsendt dokumentasjon på bruk av Piksvatnet, overskjøn.

Han la ned slik påstand: Grensene på garden Norekvål går mellom grensene til Een og Saue, heilt til vasskiljet på fjellet.

Nils Eirik Saue Gregersen, på vegne av sameiget på utmarka til Saue-bruka.

Fødselsdato: 13.06.1979
Stilling: Driftsleiar Eigedom Myrkdalen Hotell
Eigar av: Gnr. 64 bnr. 1

gav forsikring, supplerte saksframstillinga og dokumenterte fylgjande: Dok. 142, vedlegg 2, side 6 og 7 beskriv Saue si grense mot Løne.

Han la ned slik påstand: Gardane på Saue eig frå glopp under skarv nord for Nålebekken og opp til Lønahorgi langs grensa til Løne. Einig i Norekvål si påstandslinje. I toppen eig dei langs vasskiljet.

Marta Løne Seim , på vegne av gardane på Løne, gnr. 65, 66 og 67

Fødselsdato: 07.01.0951

Stilling: pensjonist

Eigar av: Gnr. 67 bnr. 2 og 4.

gav forsikring, supplerte saksframstillinga og dokumenterte følgande: Forretning frå 1724, med Saue-gardane. Beskriv grensa mellom Løne og Saue, heilt til Lønahorgi.

Ho la ned slik påstand: sameiga på Løne eig langs grensa til Saue og heilt til Lønahorgi.

Synfaring dag 1

Desse var med på synfaringa: retten, ingeniør Oddbjørn Helland, protokollfører Kari Nestaas, Jan Petter Myhre, Trond Håvard Bjørnstad, Sigbjørn Dugstad, Lars Aslak Flatekvål, Steinar Een, Johannes Een, Jon Taskjelle Norekvål, Nils Erik Saue Gregersen, Kåre Hylland, Geir Løne, Rune Gjeraker og vitne Leif Grevle.

Synfaringa gjekk føre seg slik:

Ein tok føre seg grensene i snaufjellet, frå rettsfastsett grense i nordaust på fjelltoppen og der som det var funne glopper.

Vitneforklaringar

Namn: Leif Grevle

Fødselsdato:

Bustad: USA

Stilling: Pensjonist

Tilknytning til partane: Vitne for gnr. 61/1, om vegen Langestølsvegen og tidlegare bruk av stølsvegen

Vitne blei gjort kjent med ansvaret ved å forklare seg for retten, gav forsikring og forklaring.

Lars Aslak Flatekvål synte Langestølsvegen og korleis han tolkar utskiftingsforretninga til sin gard.

Det vart påvist glopper av Steinar Een og Trond Håvard Bjørnstad som samsvarar med deira påstandar.

Rettsmøtet fyrste dagen varde frå kl. 09.00 til kl. 19.00.

Synfaring dag 2, tysdag 21. august.

Desse var med på synfaringa: retten, ingeniør Oddbjørn Helland, protokollfører Kari Nestaas, Jan Petter Myhre, Trond Håvard Bjørnstad, Lars Aslak Flatekvål, Oddmund Norekvål, Steinar Een, Johannes Een, Jon Taskjelle Norekvål, Nils Erik Saue Gregersen, Kåre Hylland, Geir Løne og Rune Gjeraker. Jorunn Norekvål var med som tilhøyrar.

Synfaringa gjekk føre seg slik:

Retten gjekk opp og fekk påvist kvar partane meinte grensene gjekk i området ved Skulestadberget og under Låven. Ingen av dei gamle gloppene vart funne. Men under Skulestadberget vart partane samde om kvar grensene truleg gjekk.

Partane fekk supplera forklaringane sine og gjere påvisingar.

Sluttinnlegg

Partane fekk ordet til sluttinnlegg. Dei heldt fast på påstandane. Deretter fekk dei ordet ein gong kvar.

Rettsleiaren erklærte forhandlingane for avslutta og at tvisten er teken opp til doms. Dom vil ligge føre i løpet av oktober 2018.

På spørsmål hadde ingen merknader til forhandlingane.

Partane vart orientert om ankereglane.

Rettsmøtet varde frå kl. 10.00 til kl. 15.15.

Retten heva.

21.08.2018

Svein Linga
jordskiftedommar